



Malene frå Halsnøy kjøper syltetøy og vafler hos dei tre flinke jentene

Dei som handla på Spar Uskedalen laurdag, vart møtt av tre smilande, flinke jenter ved inngangen. Det var Ariana Olsen Rørvik, Malene Myhre Olsen og Linnea Myklebust Ripel som selde godsaker dei hadde laga for å gje støtte til utryddingstrua dyr. Mange sette pris på tiltaket og skrytte over kvaliteten på det dei selde.



Tydeleg og informativ plakat.

Malena hadde kledd seg som lemur og Linnea var i kanindrakt. Saman med Ariana hadde dei tenkt på å gjera dette lenge. Men med sommarveret vi har hatt, hadde det vore vanskeleg å gjennomføra. No vil dei gjera det av og til på laurdagar framover når det er fint ver.

- Vi syns dyra er så søte, og det er så viktig at dei ikkje vert utrydda, sa dei om bakgrunnen for at dei gjorde dette.

I ei flott gammal handkjerre, utstyrt med plakatar, hadde dei eit rikt utval av godsaker som dei hadde laga sjølv. Av drikke hadde dei både kaffi og saft, og elles baud dei på knallgode vaffler med rørt jordbærsyltetøy. Dei hadde to ulike variantar med muffins, med og utan sjokolade. Dessutan kunne vi kjøpa med oss ulike variantar med heimelaga syltetøy. Eg registrerte både plumme-, rips/stikkelsbær- og blåbærsyltetøy. Jentene hadde både laga syltetøyet og plukka bæra sjølv.

Salget gjekk unna, og kundane var like blide som dei tre dyrevennene. Det vart tydeleg at dette sette folk pris på! Det var både eit kjekt og godt tiltak! Vi heiar på Ariana, Malene og Linnea!!



Eit forsøk på å visa noko av utvalget i fugleperspektiv. Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland